OSLO, 1. oktober 2026

BEKYMRING FOR FRAMTIDA TIL Kunst i offentlig rom (KORO)

Denne henvendelsen gjelder Kulturdepartementets behandling av DFØs rapport Mellom kultur og struktur (2026) og framtida til Kunst i offentlig rom Norge.

Unge Kunstneres Samfund har ikkje blitt invitert til å kommentere anbefalingen fra direktoratet for forvaltning og økonomistyring om sammenslåing av Kulturtanken, Kulturdirektoratet og Kunst i offentlig rom. Når vi likevel gjør det, er det fordi vi kjenner eit særskilt ansvar for og er spesielt bekymra for skjebnen til Kunst i offentlig rom (KORO).

Vi ser at Kulturdepartementet framstår som særeige oppimot resten av departementa i staten, og skjønner at ein gjennomgang fra utsiden kan vere eit verktøy for å betre skjønne sammensetninga og oppgavene som utføres. UKS tilrår at KORO, som ein svært viktig oppdragsgiver for kunstnarar og eit unikt kompetansemiljø, styrkes som sjølvstendig eining heller enn å innlemmes i eit direktorat som skaper avstand til feltet.

God forvaltning på berget

Rapporten har mange forbehold, og fremstår ikkje som ein bærar av gode faglige grunner til å kondensere istadenfor å holde fagmiljøa spredt. KORO har ein spissa fagkompetanse på eit avgrensa tydelig område med særeigen historikk, dei både produserer og forvaltar eksisterande kunst. Kulturdirektoratet er omfattende og har en svært liten portefølje av visuell kunst. UKS tilrår at skaden som kan gjerast på det faglige miljøet i KORO ikkje underspilles. Ein skal heller ikkje sjå vekk fra at KORO som «merkevare» svekkes, noko som vil vere negativt for internasjonale nettverk kunstnarane og dei fagleg ansatte i KORO er del av.

Administrasjon tett på der det skjer: Administrasjonssida av KORO som løftes frem er kjenneteikna av smidigheit og av å kjenne feltet godt. Dei driv ikkje med ei generell forvaltning, men ei kunnskapsrik og spesialisert. At dei kjenner feltet dei skal betjene godt, setter dei slik UKS ser det, i stand til å bearbeide særegenhetene i prosessen til skapende kunst slik at dei blir begripelige for forvaltningen, den konkrete byggeprosjektet og for kunstneren. Det er altså sterke grunner til å styrke KORO, og la dei vere eiga eining.

I tillegg er UKS bekymra for hvordan kulturdirektoratet vil håndtere å både sitte med kunstnere som gjør utsmykningsoppdrag i offentlig rom i eit oppdrag, er del av et DKS oppdrag i en annen del av direktoratet og samtidig skal søke prosjektstøtte til utstillinger fra Norsk kulturfond. Vi ser for oss at dette skaper en grobunn for mistillit og habilitetsdilemmaer som vil senke tilliten til kulturdirektoratet.

Når det gjelder skildringa DFØs rapport gjer av utviklinga av norsk kunst og kulturpolitikk, der feltet sjølv har løfta fram nødvendige grep, er dette dømer på gunstige virkninger av eit organisert arbeidsliv, og ikkje historiske tilfeldigheter. Ein tydelig mål og verdi i denne historia er lyttande politikarar som har sett at dei som «har på skoen sjølve veit kor det trykker». Dette er del av den grunnleggande infrastrukturen som gjer at vi i Norge har eit mylder av initiativer som er tett på feltet, er effektivt og som virker om vi ynskjer å ha eit levande kunstliv på berget.

At Kulturdepartementet er komplekst bør ikkje tolkast som eit sjukdomssymptom, men eit teikn på at dette departementet ser annleis ut enn dei andre fordi Kulturdepartementet har å gjere med eit felt som er grunnleggande diverst og spesialisert. Det er viktig og riktig, ikkje ein feil fordi det ikkje passar inn i forstanden til ei faguspesifikk forvaltning.

UKS tilrår at KORO, som ein svært viktig oppdragsgiver for kunstnarar og eit unikt kompetansemiljø, styrkes som sjølvstendig eining heller enn å innlemmes i kulturdirektoratet.

Beste helsing,

Ragnhild Aamås,

styreleder,

Unge Kunstneres Samfund

Unge Kunstneres Samfund (UKS) blei stifta av kunstnere for kunstnere i 1921, og er ein pådrivar for å bedre kunstnernes faglige, sosiale, økonomiske og ideelle interesser. Dette gjer vi med to horn: vi er ein landsdekkande fagorganisasjon for profesjonelle kunstnarar og ein visningsstad for samtidskunst i Oslo. UKS har rundt 600 medlemmer og er ein av dei største fagorganisasjonene tilknytta Norske Billedkunstnere (NBK). Prinsippet som ligger til grunn for UKS' fagpolitiske arbeid er at kunst og kunstnerisk ytringsfrihet er ei grunnsøyle i eit demokratisk samfunn og kunst er ein grunnleggande menneskleg aktivitet.